

Uttale til planprogram for kommuneplan.

Tilbakeføring av areal til LNF område

Den 13.01.2009 søkte Vassbakk & Stol om å få utvida eksisterande jordtipp på gnr 163 bnr 1 Espeland.

Området vart regulert som tipplass i samband med veganlegget Espeland-Herland i samband med bygging/omlegging av Rv 57.

Arbeidet skal no slutførast og i den samanheng kan det med fordel tilførast meir massar for å få eit noko større og betre arrondert areal. Arealet vil såleis verta litt større enn det som er regulert.

Dette kan ein lesa av brev frå kommunen til ein av grunneigarane den 12.05.2009. (2009/67-10283/2009)

Vidare kan ein lesa at:

Det aller meste av det som i søknaden omfattar ligg innafor det som vart lagt ut som massedeponi i reguleringsplanen for veganlegget Espeland-Herland Rv 57 og **det var ein førestenad at arealet skulle tilbakeførast til jordbruksareal. Lindås kommune vurderar dette til å vera eit godt tiltak for bruket når arealet vert utplanert ,grøfta og tilsådd.**

I avtalen mellom den eine grunneigaren og V&S står det at avtaleperioden gjelder til 30 mai 2011.

Området skal planeres og tilsås etter oppfylling.

Massane må påregens å ligge inntil 1år før området kan planerest ferdig. Altso 30 mai 2012.

Området ligg i dag slik det gjore den 30 mai 2011, einnaste forskjellen er at i dag er jordtippen og ein del av området rundt merkt til næring.

Ein kan undrast over tankegangen bak merkinga av området, då det for det første er botnelaus myr i store delar av området, og det faktum at det på ein del av arealet er tilkøyrt store mengder jord.

Bakgrunn for anlegging av jorddeponi er jo for å ta vare på jorda på ein eigna plass der denne kan dyrkast.

Då er det absolutt ingen logikk i å anlegge ein jordtipp på espeland, få tilkøyrt enorme mengder jord, for så å køyre denne vekk igjen i tillegg til uante mengder myrjord som var der fra før, for ikkje å snakke om dei mengder med

stein som må tilførast før arealet kan nyttast til industrieller føremål.
Jord er ein viktig resurs som må takast vare på der den er!

Med tanke på nærmiljøet som består av våtmarksområder og samanhengande vatn, så kan eit utslepp frå eit industriområdet fort få store konsekvensar. Og kloakk feks, korleis skal ein kvitte seg med det?

Eg kan ikkje skjønne anna enn att å anlegge industri på Espeland kjem til å værte svært dyrt og lite miljøvennlig med tanke på til og frå køying av massar, planering, drenering osv.

Ein bør prøva å halda industri og næring så godt samla som mogeleg er. Kjevikdalen feks. Her er allereie industri, og arealet som kan nyttast er utmark med haug og hammar, og ikkje dyrkbar matjord. Med tanke på det industriområdet som er under oppbygging på Eknes, så treng vel Lindås kommune strengt tatt ikkje meir næringsareal på ei stund.

Det er stort behov for lettdrevet maskinland i landbruket og eg ber difor om at jordtippen og området rundt vert tilbakeført til LNF område og at jordtippen vert dyrka og planert i henhold til gjeldande avtale.

Jord er ein svært viktig resurs og bør ikkje sløst vekk!

Mvh

Aril Langesæter